


# 2025 – 2037

## Planomtale

### Kommuneplanen sin arealdel for Gol kommune



## Innhald

1.	Formål og prosess.....	4
1.1	Formål.....	4
1.2	Prosess.....	4
1.2.1	Oppstart.....	4
1.2.2	Grovsiling.....	4
1.2.3	1. gongsbehandling.....	4
1.2.4	Offentleg ettersyn .....	4
1.2.5	Etter offentleg ettersyn .....	5
1.2.6	Nytt offentleg ettersyn .....	5
1.2.7	Avgrensa offentleg ettersyn .....	5
1.2.8	Nytt avgrensa offentleg ettersyn.....	5
2.	Skildring av planen og vurdering av samla konsekvensar .....	5
2.1	Forhold til gjeldande planar .....	5
2.2	Plankrav .....	6
2.3	Heimelsgrunnlag og dokumentoversikt.....	6
2.4	Planutforming og metodikk.....	6
2.5	Landbruk.....	7
2.5.1	Reindrift.....	8
2.6	Myr .....	8
2.7	Industri .....	8
2.8	Masseuttak .....	8
2.9	Bustader .....	8
2.10	Idrettsanlegg.....	9
2.11	Fritidsbusetnad.....	9
	Fakta om antal fritidsbustader og tomter .....	9
	Tidsperspektiv .....	9
	Verdiskaping.....	9
	Overordna føringar.....	10
	Hytte som heilårsbustad.....	10
	Endringar i kommuneplanen .....	11
2.12	Kombinert formål for fritidsbusetnad og turistformål .....	11
2.13	Geografisk tilnærming – endringar.....	11
	Delområde 1 – Søråsen .....	12

Delområde 2 – Herad .....	12
Delområde 3 – Valdresvegen frå Åsgardane til grense mot Nord-Aurdal .....	12
Delområde 4 – Golsfjellet aust .....	13
Delområde 5 – Golsfjellet vest, frå Auenhauglie til Hemsila .....	13
Delområde 6 – Skaraåsen .....	14
Delområde 7 – Rotneim .....	14
Delområde 8 – Golreppen – Øygdane .....	14
2.14 Omsynssoner .....	15
2.15 Miljøpåverknad/ROS-analyse .....	15
2.16 Arealoversikt.....	15
Avgang av reine LNF-område .....	15
3. Innspel og merknader til oppstart .....	17

# 1. Formål og prosess

## 1.1 Formål

Gjeldande arealdel av kommuneplanen i Gol vart vedteke 6. september 2011, og var meint å vare i perioden 2011 til 2023. Kommuneplanen er no tolv år gamal. I løpet av desse åra har det skjedd store endringar i samfunnsutviklinga.

Sidan 2011 har fleire område vorte bygd ut, og det er behov for nye område for utbygging.

## 1.2 Prosessen

Kommuneplanutvalet vedtok å revidere kommuneplanen sin arealdel i 2018.

### 1.2.1 Oppstart

Det vart varsla om oppstart av arbeid med Kommuneplanen sin arealdel for Gol 10. november 2018, samstundes som planprogram for kommuneplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn.

Overordna føringar som skal danne grunnlag for arbeidet med kommuneplan, vart vedteke i Formannskapet 17. januar 2019, som sak 3/19. Planprogram vart vedteke i Kommunestyret 19. februar 2019, som sak 8/19. Frist for innspel til kommuneplanen var 23. april 2019.

### 1.2.2 Grovsiling

Dei overordna føringane vart brukt som utgangspunkt for ein grovsilingsprosess. Innspel som er i strid med dei overordna føringane, vart fjerna etter vedtak i Formannskapet 31. oktober 2019, som sak 45/19. Enkelte innspel som var delvis i strid med overordna føringar, vart redusert, slik at dei ikkje lenger er i strid med overordna føringar.

Totalt kom det inn 58 arealinnspel og to andre innspel. 14 innspel vart forkasta i grovsilinga, og 7 innspel vart redusert i grovsilinga. Resten av innspela gjekk vidare til konsekvensutgreiing.

Etter vedtaket om grovsiling i Formannskapet, konsekvensutgreidde administrasjonen alle innspel som ikkje er i strid med overordna føringar. I konsekvensutgreiinga har enkelte innspel vorte delt opp, då dei er naturlege å sjå på som eigne område. Totalt har administrasjonen konsekvensutgreidd 50 forskjellige område.

### 1.2.3 1. gongsbehandling

Formannskapet som kommuneplanutval 1. gongsbehandla kommuneplanen i møte 15. april 2021.

### 1.2.4 Offentleg ettersyn

Planforslaget låg ute til offentleg ettersyn i perioden 1. mai til 14. juni 2021. Frå private kom det inn 21 innspel med forslag til endringar i plankart. Det kom inn åtte innspel eller merknadar til planforslaget frå offentlege etatar, der to av dei var motsegn.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken hadde motsegn til planforslaget for manglande omsyn til samfunnsstryggleik (ikkje tilfredsstillande ROS-analyse) og konsekvensutgreiinga for manglande vektlegging av omsyn til myr, og manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfald, dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap og beiteressursar. Dei hadde og motsegn til 28 utbyggingsområde med omsyn til naturmangfald og/eller landbruk.

Viken fylkeskommune hadde motsegn til seks utbyggingsområde av omsyn til landskap, friluftsliv, myr, jordvern og grønstruktur.

### 1.2.5 Etter offentlig ettersyn

Etter offentlig ettersyn har administrasjonen jobba med innspela og merknadene som kom under offentlig ettersyn, samt med motsegna. Det har vore to møter i formannskapet.

I møte 9. desember 2021 gav formannskapet føringar til administrasjonen for å gå i dialog med statsforvaltaren og fylkeskommunen. I dette møtet vart enkelte av dei nyinnlagte områda fjerna frå kommuneplan og tilbakeført til LNF-formål.

I møte 29. september 2022 vart innspela som kom under offentlig ettersyn vurdert. Formannskapet vedtok å legge inn fem nye byggeområde i kommuneplan og ta ut eitt område. Endringane medfører at kommuneplanen må leggast ut til nytt offentlig ettersyn.

### 1.2.6 Nytt offentlig ettersyn

Kommuneplanen låg ute til offentlig ettersyn i perioden 9. desember 2023 til 5. februar 2024. Under nytt offentlig ettersyn kom det inn merknader frå sju statlege eller regionale etatar. Statsforvaltaren i Oslo og Viken har framleis motsegn til 13 utbyggingsområde. Det kom inn 55 merknader frå andre.

### 1.2.7 Avgrensa offentlig ettersyn

I møte 25. mai 2024 vart det gjort ein vurdering av Statsforvaltaren sine motsegn. Formannskapet vedtok å ta ut sju byggeområde, redusere tre byggeområde og utvide eitt byggeområde. Desse endringane gjer at kommuneplanen blir lagt ut på eit avgrensa offentlig ettersyn, der grunneigarar som får endra sine område, vil få høve til å høyrast særskilt. Planen ligg ute på avgrensa offentlig ettersyn i perioden 6. juli 2024 til 26. august 2024. Statsforvaltaren har framleis motsegn til seks utbyggingsområde.

### 1.2.8 Nytt avgrensa offentlig ettersyn

I møte 20. februar 2025 vart det gjort ein ny vurdering av Statsforvaltaren sine motsegn. Formannskapet vedtok å ta ut to byggeområde, redusere eitt byggeområde og utvide eitt byggeområde, samt unnta rettsverknad for to område. Det vart også gjort Desse endringane gjer at kommuneplanen blir lagt ut på eit avgrensa offentlig ettersyn, der grunneigarar som får endra sine område, vil få høve til å høyrast særskilt. Planen ligg ute på avgrensa offentlig ettersyn i perioden 6. juli 2024 til 26. august 2024.

## 2. Skildring av planen og vurdering av samla konsekvensar

### 2.1 Forhold til gjeldande planar

Ny arealdel av kommuneplanen avløyser Kommuneplanens arealdel for Gol 2011 – 2023, vedteke 6. september 2011, som sak K 038/11.

Kommuneplanens samfunnsdel 2018 – 2030, vedteke 12. juni 2018, som sak K 024/18.

Vedtekne regulerings- og bebyggelsesplanar, jf. planarkivet for Gol kommune, skal framleis gjelde etter at den nye kommuneplanen er vedteken, med unntak av utnytingsgrad for hytter, der føresegn nr. 2.1 gjeld.

## 2.2 Plankrav

All ny utbygging, samt fortetting i eksisterande byggeområde, utløyser i utgangspunktet krav om regulering dersom tiltaket ikkje er i tråd med gjeldande reguleringsplan. Dette er fordi ein reguleringsplan vil avklare detaljar i området som det ikkje er formålstenleg å avklare gjennom ein overordna kommuneplan. I samband med utarbeiding av reguleringsplan som omfattar utbygging vil det vere krav om utarbeiding av områdeanalyse. For meir informasjon om krav og innhaldet i ein reguleringsplan kan ein sjå på mottakskontrollen av arealplanar, som ligg på kommunen sine heimesider.

Det er formålstenleg at mindre tiltak kan gjennomførast utan krav om reguleringsplan. Dei bygningar og tiltak som kan gjennomførast utan krav om reguleringsplan er nemnd i føresegnene punkt 1.2.

## 2.3 Heimelsgrunnlag og dokumentoversikt

Kommuneplanen sin arealdel består av følgjande dokument:

- Plankart i målestokk 1:35 000
- Føresegner og retningslinjer
- Planomtale med vurdering av samla konsekvensar (dette dokumentet)
- Konsekvensutgreiingar av innspel
- Risiko- og sårbarhetsanalyse

Kommuneplanen sin arealdel (plankartet) er saman med føresegnene juridisk bindande etter plan- og bygningslova § 11-6. For kvart avsnitt i føresegnene er heimelsgrunnlaget i plan- og bygningslova angitt. Retningslinjene er rettleiande for administrasjonen sin saksbehandling av enkeltsakar og reguleringsplanar. Retningslinjene står i *kursiv*. Øvrige dokument er utarbeidd for å sikre tilstrekkeleg beslutningsgrunnlag i planprosessen.

Planarbeidet er i hovudsak styrt av føresegnene i plan- og bygningslova. Bruk av areal og utnytting av ressursar blir i tillegg regulert gjennom ei rekke andre lovar. Forvaltning av desse sektorlovane er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen og ivaretakast gjennom planprosessen. I tillegg til lovar er det gjeve ei rekke føringar for planarbeidet frå nasjonalt nivå gjennom for eksempel stortingsmeldingar og rikspolitiske retningslinjer. På regionalt nivå er det gjeve føringar gjennom fylkesplanar og fylkesdelplanar. Den kommunale planlegginga skal skje innanfor rammene av nasjonal og regional politikk og samstundes ivareta dei lokalpolitiske ønska om arealbruk innanfor kommunen.

Kommuneplanen avklarar ikkje forhold til automatisk freda kulturminne. Det inneber at omsynet til kulturminne må ivaretakast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for dei enkelte områda.

## 2.4 Planutforming og metodikk

Detaljnivået på kommuneplanen er ei utfordring. Ein ønskjer å vise og styre arealbruken relativt detaljert i nokre område, samstundes som det kartografisk og arbeidsmessig er tilnærma umogleg å

lage ein kommuneplan på enkelttomtnivå. Administrasjonen har gått ut ifrå detaljnivået i eksisterande kommuneplan og i område med fritidsbusetnad er det vist ein samla arealbruk. Det betyr at dersom ein gruppe fritidsbustader ligg samla er dei vist som byggeområde og dersom dei ligg meir spreidd er området avsett til spreidd fritidsbusetnad.

Eksisterande reguleringsplanar skal framleis gjelde. I Gol kommune finst det fleire eldre reguleringsplanar der ein framleis ikkje har begynt utbygging. Kommunen har om lag 1 200 regulerte, ubebygde hyttetomter som i teorien er klare til å byggast ut, men som av ein eller annan grunn ikkje er utbygd. Desse ubebygde reguleringsplanane kan vere med og hindre utbygging i andre område. Det har vore vurdert å gjere fleire utbyggingsområde om til LNF-område for å få ned talet på ubebygde tomter. Kommunen ønskjer ikkje å fjerne utbyggingsområde i denne planprosessen, men det er aktuelt å fjerne ubebygde utbyggingsområde ved neste revisjon av kommuneplan.

I plan- og bygningslova er det krav til å greie ut konsekvensar knytt til nye område som blir lagt inn i kommuneplan. Kommunen har vurdert alle innkomne innspel gjennom planprosessen.

## 2.5 Landbruk

Om lag 1 000 daa med LNF-område går tapt dersom alt nytt areal blir bygd ut. Samtidig er om lag 600 daa med utbyggingsområde teke ut av kommuneplanen. Det betyr at ein sit att med om lag 400 daa med nytt utbyggingsområde i ny kommuneplan.

Jordlova § 9 fyrste avsnitt seier at «Dyrka jord må ikkje brukast til formål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida».

Andre avsnitt seier at «Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi».

Det er forsøkt å ikkje legge inn område som rører ved dyrka mark og myr. Dyrka mark har i all hovudsak vorte fjerna i grovsilinga, med to unntak på til saman 25 daa. I vurderinga av om dyrkbar mark kan takast i bruk som utbyggingsområde, er det mellom anna sett på «drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området». Dette gjeld mellom anna avstand til dyrka mark og kor bratt området er. Storleiken på dyrkbart areal er også av betydning for om området kan takast i bruk som utbyggingsområde eller ikkje. Eigedomsgrenser har ikkje hatt betydning i vurderinga om området er eigna for landbruk eller ikkje. Det er likevel lagt til ein føresegn om krav til matjordplan dersom det skal byggast på dyrka eller dyrkbar mark.

Under er ein oversikt over dyrka mark, dyrkbar mark og myr som avgår som ein følgje av at det blir lagt inn nye byggeområde i kommuneplan:

- Dyrka mark: 25 daa
- Dyrkbar mark: 205 daa
- Myr: 49 daa

### 2.5.1 Reindrift

Gol kommune ligg i eit område der Filefjell Reinlag har bruksområde. Gol kommune blir mest brukt som flytteleie og oppsamlingsområde mellom ulike årstidsbeite. Kommunen har ikkje gjort arealendringar i områda som er registrert som reindriftsområde i NIBIO sine kart.

### 2.6 Myr

Dei fleste myrområda er fjerna frå innspel til kommuneplan. Myrområda som ligg inne som byggeområde i kommuneplan er i stor grad mindre område som er inneklemt. Desse skal varetakast gjennom reguleringsplan.

### 2.7 Industri

Industri- og næringsområde i Gol kommune er i hovudsak plassert nær sentrum i tillegg til enkelte bedrifter langs hovudvegnettet.

### 2.8 Masseuttak

I Direktoratet for mineralforvaltning sine kart er det registrert tre masseuttak: Eldstad masseuttak, Fjerdingsbekkhaugen, og Hovet masseuttak. Masseuttaket ved Fjerdingsbekkhaugen ligg omtrent midt i Gol kommune, og dekkar saman med leveransar frå Trillhustippen i Ål mesteparten av behovet for stein, pukk og grus i kommunen. I kommuneplan for 2011 – 2023 vart det anslått at Fjerdingsbekkhaugen hadde om lag 600 000 m<sup>3</sup> med resterande massemengde og kunne dekke marknaden i om lag 20 år. Fjerdingsbekkhaugen har søkt om å utvide masseuttaket med om lag 70 dekar og 2 millionar m<sup>3</sup>.

Av andre masseuttak i kommunen har M1 Ørnehovda og M2 Bråten massetak vorte regulert sidan førre kommuneplan. M3 Skrøyvestølane har i samråd med stølslaget vorte redusert frå 105 daa til 0,7 daa.

Dei samla konsekvensane av endringar i arealbruk knytt til masseuttak er vurdert som beskjedne på kommuneplannivå og vil vere med på å utnytte lokale ressursar og minske behovet for transport. Opparbeiding av industritomter vil dessutan bidra til massetilbodet i kommunen. I NGU sine mineral- og grus- og pukkart er det ikkje funne nye innlagte område som kan kome i konflikt med mineralressursar. Mineralressursar er difor ikkje særskild omtalt for kvart innspel i konsekvensutgreiinga.

### 2.9 Bustader

I Gol kommune er alle større bustadfelt plassert inn mot tettstaden og dermed omfatta av kommunedelplan for Gol tettstad. Samfunnsdelen av kommuneplanen seier at «Bustadbygging der det er krav om reguleringsplan skal fortrinnsvis skje i Gol tettstad». Ordet «fortrinnsvis» gjer at nye bustadfelt utanfor sentrum ikkje vil vere i strid med samfunnsdelen, men utgangspunktet er at nye bustadfelt skal etablerast i sentrum. Med bakgrunn i samfunnsdelen er det avsett eitt nytt område til bustadfelt utanfor Gol tettstad. Alle eksisterande bustadområde blir vidareført i den nye arealdelen.

Gol kommune har to område for LNF med spreidd bustadbygging; i Åsgardane og på Rotneim. Det har vore lite byggeaktivitet i desse områda, og det er totalt ført opp eitt nytt bustadhus i førre planperiode.



Det vil framleis vere anledning til å føre opp våningshus og kårhus på gardsbruk. Søknadar om endring av eksisterande bustader i LNF-område og oppføring av nye bustader stiller krav om dispensasjon. Det er i retningslinjene gjeve føringar for saksbehandling av denne type sakar.

Planforslaget bygger oppunder prinsippa for samordna areal- og transportplanlegging ved å stimulere til at ny bustadbygging skal føregå i nærleiken av sentrum. Dette gir positiv miljøgevinst på grunn av mindre transport og positive økonomiske konsekvensar lokalt med mindre utgifter til skuleskyss, heimehjelp med meir.

## 2.10 Idrettsanlegg

Motorsenteret på Fuglehaugen er utvida til også å gjelde skytebane. Det er ein fordel å samle fleire støyande aktivitetar på ein plass, og Fuglehaugen Motorsenter har mykje av infrastrukturen som ein også behøver for ein skytebane. Det er vurdert at den regulerte skytebanen på Smøget ikkje er realistisk å opparbeide, og den er fjerna frå kommuneplanen sin arealdel, og tilbakeført til LNF-formål. Idrettsanlegg på Gol flyplass Klanten blir vidareført for å sikre trygg inn- og utflyging til flyplassen. Det er lagt inn føresegnar som sikrar at dyrka mark ikkje går tapt, og at ved opphøyr av aktivitet, skal området tilbakeført til jordbruksformål.

## 2.11 Fritidsbusetnad

### Fakta om antal fritidsbustader og tomter

Gol kommune har i dag om lag 2500 hytter (utanom stølar). Det har vorte bygd om lag 500-600 nye hytter sidan 2011. Kommunen har om lag 1 200 hyttetomter som er regulert, men ikkje bebygd. Dette er ein auke på 200 sidan 2011, då kommunen hadde om lag 1 000 ubygde hyttetomter. Den store reserven av ledige hyttetomter kan vere med på å hindre utbygging i andre område. Det har vore vurdert å gjere fleire utbyggingsområde om til LNF-område for å få ned talet på ubygde hyttetomter. Kommunen ønskjer ikkje å fjerne utbyggingsområde i denne planprosessen, men det er aktuelt å fjerne ubygde utbyggingsområde ved neste revisjon av kommuneplan.

### Tidsperspektiv

Kommuneplanen har i utgangspunktet ein varigheit på opptil tre valperiodar (12 år) og det er gjennom kommuneplanprosessen ein må avsetje naudsynte areal. Dersom utbyggingstakten held fram som den har gjort dei siste ti åra, vil det ta om lag 20-30 år før alle regulerte hyttetomter er utbygd. Med mange nye utbyggingsområde kan dette aukast til 30-40 år.

### Verdiskaping

Bygging av fritidsbustader og etterfølgande bruk er viktig for lokalt næringsliv, og gjev aktivitet i kommunen. Kommunen er opptekne av å legge til rette for at det er ledige tomter til fritidsbustader i kommunen, men har samstundes eit ansvar for å ta vare på viktige areal og ikkje bygge ned dei kvalitetane som er årsaka til at det er etterspurnad etter ledige tomter. Utlegging av mange nye område til hyttetomter vil frå ein økonomisk synsvinkel kunne gi lågare prisar på sikt fordi tilbodet blir større enn etterspurnaden. Kommunen er opptekne av at utlegging av tomter til fritidsbusetnad skal gi lokal verdiskaping og i dette perspektivet er det viktig at utbyggingstakten følger kapasiteten til handtverkarane og byggefirmaa i Hallingdal.

Det er eit stadig press om å bygge seg lenger inn i fjella og meir og meir urørd natur går bort. Det er difor viktig med utbyggingsgrenser for å sikre at naturområda våre blir vidareført og ikkje nedbygd.

Markagrensa og omsynssone friluftsliv/bevaring av naturmiljø er gode verktøy for å forhindre utbygging innover i fjella. Desse blir difor vidareført.

Eksisterande reguleringsplanar skal framleis gjelde. I Gol kommune finst det fleire eldre reguleringsplanar der ein framleis ikkje har begynt utbygging. Kommunen har om lag 1 200 regulerte, ubygde hyttetomter som i teorien er klare til å byggast ut, men som av ein eller annan grunn ikkje er utbygd. Desse ubygde reguleringsplanane kan vere med og hindre utbygging i andre område. Det har vore vurdert å gjere fleire utbyggingsområde om til LNF-område for å få ned talet på ubygde tomter. Kommunen ønskjer ikkje å fjerne utbyggingsområde i denne planprosessen, men det er aktuelt å fjerne ubygde utbyggingsområde ved neste revisjon av kommuneplan.

### Overordna føringar

Kommuneplanutvalet har gjennom planprosessen behandla mange innspel om nye område for fritidsbusetnad. Kommuneplanutvalet har vedteke eit sett med overordna føringar for kommunen sin arealbruk i revisjon av kommuneplan. Vedtaket vart gjort 17. januar 2019, som sak 03/19:

- a) Gol kommune ønsker å legge til rette for differensiert hyttebygging. Leilegheitsbygg bør lokalisert nær aktivitetsanlegg.
- b) Fortetting og utviding av eksisterande felt er fortrinnsvis eit prinsipp før bruk av jomfrueleg areal.
- c) Soner med særleg *Hensyn friluftsliv, landskap, bevaring naturmiljø* (H530 og 560) i samsvar med plan- og bygningslova § 11-8 bokstav c) vidareførast i ny kommuneplan.
- d) Markagrensa på Skaraåsen og Golsfjellet blir vidareført i samsvar med nasjonal produktspesifikasjon og digitalt planregister. Eventuelt i kombinasjon med føresegnene.
- e) Eksisterande føresegner for hytter punkt 2.1 har fungert godt og dannar eit godt utgangspunkt for formulering av nye føresegner.
- f) Det kan delegerast til administrasjonen å behandle dispensasjon vedrørande tiltak på eksisterande fritidsbygg og andre bygg innanfor sonene.
- g) Nye fritidsbygg skal planleggast slik at ålmenta har tilgang til urørt natur slik at sonene for bandlegging av naturmangfald blir vidareført frå eksisterande plan.

### Hytte som heilårsbustad

Det har vore ein diskusjon rundt bruk av hytte som heilårsbustad. Kommunen har tidlegare gjeve nokre dispensasjonar som gir tilgang til å bruke hytta som heilårsbustad. Dispensasjonane har vore tidsavgrensa og knytt til søkjar, og ikkje til hytta eller eigedomen. Kommuneplanutvalet har vedteke overordna føringar for bruk av hytte som heilårsbustad:

- a) Hytta skal ha hygienisk og tilstrekkeleg drikkevatt og krav til enten offentleg VA eller dokumentert kapasitet på privat anlegg.
- b) Tilkomstveg skal vera vinterbrøytta.
- c) Ligg hytta innanfor bomveg skal nødvendige offentlege instansar (utrykkingsetatar, heimetenester m. fl.) ha gratis tilgang til nøkkel.
- d) Søkjar må endre bustadadresse i folkeregisteret og melde flytting i samsvar med folkeregisterlova § 6-1.
- e) Krav som følgjer teknisk forskrift (TEK17) om brannsikring og radonsperre og bustandard skal vera tilfredsstillande.
- f) Dersom ein er tilkoppa kommunalt avløp må det monterast vassmålar.

- g) Dispensasjonen er gyldig i fem år.
- h) Før dispensasjon blir gitt skal søknaden på uttale til Statens vegvesen, Statsforvaltaren i Oslo og Viken og Viken fylkeskommune.

### Endringar i kommuneplanen

Ein stor del av innspel til kommuneplanen har omhandla ønske om å få lagt ut område til fritidsbusetnad. Mange innspel har vorte avvist, og mange innspel har vorte innarbeidd. Alle innspel som har vorte innarbeidd er enten fortetting eller utviding av eksisterande hyttefelt. Områda som har fått innarbeidd moglegheit for fortetting er Rekkjesetkyrkja, Johannesdalen, Røyseskogen, Einarset, Kamben, Bualie, Auenhauglie og Lauvset. Ved Hemsedal GolfAlpin har utbyggingsområdet vorte utvida.

### 2.12 Kombinert formål for fritidsbusetnad og turistformål

I førre kommuneplan var det eit krav om at 30 % av nytt utbyggingsvolum (tomter for sal og utleigeeiningar samla sett) skulle avsetjast til turistformål og utleige. I seinare tid hadde grunneigarar og utbyggjarar eit sterkt ønske om å endre dette, då det viste seg at marknaden for utleige var vanskeleg med unntak av senger og hytter nær alpinbakkar. Kommunestyret gjorde difor eit prinsippvedtak 31. januar 2017 som sak K 01/17 der kravet til utleige vart fjerna. Vedtaket var slik:

I

*Reguleringsplanar i kombinert område kan gjennom reguleringsendring §§ 12-3 og 12-14 i plan- og bygningslova bli fritatt heilt eller delvis for krav til utleige, jf. kommuneplanens føresegn 2.3, bokstav b. Kommunen som reguleringsmyndighet skal fortsatt ha styringsrett og utøve sin mynde slik at det er mogleg å fortsatt kreve næring i kjerneområder for turistnæring.*

II

*«Varme senger» spørsmålet for turistbedrift/næringsområde/kjerneområder skal utgreiast vidare gjennom revisjon av kommuneplan».*

Det har i ettertid kome fleire reguleringsendringar med bakgrunn i prinsippvedtaket, og i fleire reguleringsplanar har kravet om at 30 % av utbyggingsvolumet skal avsetjast til turistformål og utleige, vorte fjerna. Dei fleste som ønskjer å kjøpe fritidsbustad i dag, ønskjer ikkje å kjøpe hytte med ein klausul om at dei må leige bort hytta delar av året.

I dag er det difor ikkje marknad for at 30 % av nye fritidsbustader skal avsetjast til turistformål og utleige. Vi planlegg derimot for ein 10-årsperiode, og marknaden kan endre seg. Det er difor ønskjeleg å vidareføre kravet om at 30 % av nytt utbyggingsvolum skal avsetjast til turistformål og utleige i kjerneområde for turistverksemd. Gjennom reguleringsendringar vil det likevel framleis vere mogleg å fjerne dette kravet.

### 2.13 Geografisk tilnærming – endringar

I konsekvensutgreiinga har Gol kommune vorte delt inn i 8 forskjellige område, etter kor innspela ligg. Område utan innspel er difor ikkje skildra her.


### Delområde 1 – Søråsen

Det er ikkje lagt inn nye hyttetomter på Søråsen. Det finst allereie meir enn 200 regulerte hyttetomter som enno ikkje er bebygde. Det er vanskeleg å vurdere konsekvensen av å legge ut endå fleire hyttetomter før dei regulerte tomtene er bebygde.




### Delområde 2 – Herad

Det er lagt inn nytt bustadområde i Herad. Området ligg utanfor Gol tettstad, men kan bidra til å gi større variasjon i bustadtilbodet på Gol. Avstanden til sentrum vil skape meir transport og det vil vere krav til skuleskys.



### Delområde 3 – Valdresvegen frå Åsgardane til grense mot Nord-Aurdal


Langs Valdresvegen er det stor variasjon i innkomne innspel, med masseuttak, endring av formål på Åsgardane barnehage, campingplass i tillegg til fleire område for fritidsbustnad. Områda ligg utanfor satsingsområde for reiseliv med store avstandar til fritidsaktivitetar. Sørøst for Valdresvegen ligg omsynssone for friluftsliv/bevaring naturmiljø som skal vidareførast. Det er ikkje ønskeleg å bygge seg innover i naturen, og fleire innspel har difor vorte redusert. Områda som kan utvidast er sør for Åsheim, ved Bjørkum, rundt Tubbehaugen og i Røyseskogen.



Totalt 168 daa blir endra frå LNF-formål til byggeformål. Om lag 19 daa med dyrkbart areal blir endra frå LNF-formål til byggeformål. Om lag 2 daa blir endra frå dyrka mark til byggeformål.

### Delområde 4 – Golsfjellet aust


Området ligg på austsida av Golsfjellplatået, og ligg innfor satsingsområde for reiseliv. Den største andelen av fritidsbustader i Gol ligg i dette området. Det blir lagt opp til fortetting i dette området. Området er omfatta av markagrensa, som går rundt Golsfjellplatået. Det har vorte lagt inn to innspel innanfor markagrensa. Desse områda ligg i tilknytning til eksisterande hyttefelt, der infrastruktur allereie er opparbeidd. Dei ligg i tillegg innanfor satsingsområde på Golsfjellet. Markagrensa blir flytta utanfor byggeområde for fritidsbusetnad i desse to områda.



Totalt 283 daa blir endra frå LNF-formål til byggeformål. Om lag 119 daa med dyrkbart areal blir endra frå LNF-formål til byggeformål. Om lag 20 daa med dyrka mark blir endra frå LNF-formål til byggeformål.

### Delområde 5 – Golsfjellet vest, frå Auenhauglie til Hemsila


Markagrensa går inntil Auenhauglie. Det blir lagt opp til fortetting i Auenhauglie og på Lauvset. Det er lagt inn eitt nytt område ved Lauvsjø. Øvrige innspel i jomfruelege område har vorte fjerna. Hemsedal GolfAlpin ligg utanfor satsingsområde for reiseliv, men er likevel eit naturleg område for fortetting/utviding grunna nærleiken til golfbanen. På Fuglehaugen ønskjer ein å samle støyande aktivitetar på ein plass med å inkludere skytebane.



Totalt 501 daa blir endra frå LNF-formål til byggeformål. Om lag 28 daa med dyrkbar mark blir endra frå LNF-formål til byggeformål.


### Delområde 6 – Skaraåsen

På Skaraåsen blir markagrensa vidareført frå førre kommuneplan. Tre tidlegare regulerte, ubebygde spreidde hyttefelt blir tilbakeført til LNF-formål. Frådelte tomter blir vidareført som LNF-formål for spreidd fritidsbusetnad.




### Delområde 7 – Rotneim

Rotneim barnehage blir avsett til kombinert bygge- og anleggsformål.



### Delområde 8 – Golreppen – Øygardane

På Skaga blir folkehøgskulen avsett til offentleg og privat tenesteyting, som er ein vidareføring av det faktiske formålet. Gol kyrkje blir avsett til offentleg eller privat tenesteyting, og blir utvida med om lag 3,4 daa. Håving Camping blir avsett til fritids- og turistformål (campingplass), som den har vore tidlegare. Øygardane barnehage blir avsett til fritids- og turistformål.



## 2.14 Omsynssoner

I kommuneplanen er det nytta fleire omsynssoner, som i stor grad er ein vidareføring frå førre kommuneplan. Det er nytta omsynssoner for større, samanhengande grøntområde som har viktige naturmiljø og som er viktige for utøving av friluftsliv. Av nye område er Flatdalsåsen naturreservat og Veikulåsen naturreservat utvida. Det blir også oppretta omsynssoner for bekkekløfter Rusteåni, Liaåni og i Hemsila, ovanfor Hesla bru. Desse tre områda blir lagt inn med bandlegging etter lov om naturvern.

Omsynssoner for omsyn friluftsliv/bevaring naturmiljø (H530 og 560) og omsyn friluftsliv, landskap/bevaring naturmiljø (H500 Markagrense) blir vidareført, med unntak av om lag 60 daa i Bualie og 12 daa på Einarset. Innanfor desse sonene er det ikkje tillatt med ny utbygging utover det som allereie er regulert i eksisterande reguleringsplanar. Gol kommune ønsker å vidareføre begrepet «markagrense» då det er eit uttrykk som har vorte innarbeidd i kommunen.

Omsynssoner for skred og flaum er oppdatert i tråd med aktsemdssonar og farekart frå NVE, og i tråd med *Skredfarekartlegging i Gol og Hemsedal kommuner*, datert 2018.

## 2.15 Miljøpåverknad/ROS-analyse

Storleiken på dei avsette områda medfører tap av LNF-område. Samtidig er ein skytebane fjerna, og eit spreidd hytteområde bestående av tre felt, blir samla i eitt felt.

Dei områda som er avsett til byggeområde er i stor grad område utan viktige jordbruksinteresser og der boniteten i skogen er låg. Dei nye områda er lagt slik at det ikkje er naudsynt å bygge nye og lengre tilkomstvegar.

Alle innspel har vore undersøkt i NVE Atlas, og dei aller fleste innspela ligg plassert i område utan flaumfare eller skredfare. Der flaum eller skred er ein aktuell problemstilling, er dette skildra gjennom ROS-analysen og konsekvensutgreiinga. Ein må greie ut dette nøyare på reguleringsplannivå dersom innspelet er innarbeidd i kommuneplanen.

## 2.16 Arealoversikt

Tabellen under viser ein oversikt over endringar i arealbruk i forslag til ny kommuneplan oppgitt i dekar etter arealkategori.

### Avgang av reine LNF-område

Nr.	Namn på området	Formål	Areal nytt formål	Areal endra frå LNF
1	Halli, 5/26	Bustad	25	25
2	Åsgardane barnehage, 11/48	Kombinert bustad, næring, tenesteyting	5	4
3	Smøget, 9/34	Masseuttak	73	73
4	Hamarstad	Fritidsbusetnad	24	2

5	Tretteskogane, 25/50	Fritidsbusetnad	27	27
6	Bjørkum, 28/48	Fritidsbusetnad	23	23
7	Bjørkum, 5/101	Fritidsbusetnad	10	10
8	Johannesdalen, 12/2	Fritidsbusetnad	10	10
9	Tabbehaugen camping, 28/23	Fritids- og turistformål (camping)	13	13
10	Røyseskogen	Fritidsbusetnad	17	6
11	Storefjell, 24/65	Kombinert fritidsbusetnad, næring	28	28
12	Einarset, 24/9	Fritidsbusetnad	6	6
13	Kamben, 11/15	Fritidsbusetnad	2	2
14	Kamben, 10/316	Fritidsbusetnad	20	20
15	Ørterstølen	Fritidsbusetnad	36	5
16	Ørterstølen, 4/7	Kombinert fritidsbusetnad, næring	11	11
17	Storefjell - Bualie - samanbinding skiheis, 10/6	Idrettsanlegg (skiheis)	87	87
18	Bualie, 13/20 vest	Fritidsbusetnad	60	25
19	Bualie, 13/20 midt	Fritidsbusetnad	33	33
20	Buo, 13/21	Fritidsbusetnad	29	29
21	Guriset, 13/265 fritid	Fritidsbusetnad	14	14
22	Oset høyfjellshotell, 23/208	Kombinert fritidsbusetnad, næring	59	0
23	Oset/Tisleia, 13/265	Næring	23	23
24	Løggestølen, 38/21	Fritidsbusetnad	18	18
25	Auenhauglie, 27/25 sør	Fritidsbusetnad	4	4
26	Auenhauglie, 29/2	Fritidsbusetnad	26	26
27	Golsfjell fjellstue, A1, 37/9	Fritidsbusetnad	18	18
28	Lauvsjø, 35/12	Fritidsbusetnad	7	7
29	Lauvset, ved Blakkestad hyttefelt, 28/2	Fritidsbusetnad	9	9
30	Fuglehaugen	Idrettsanlegg (motorsport og skytebane)	330	330
31	Granheim, 50/2 og 3	Fritidsbusetnad	89	89
32	Rotneim barnehage, 17/109	Kombinert bustad, næring, tenesteyting	4	0
33	Skaga, 23/6 og 23/125	Tenesteyting (folkehøgskule og museum)	21	21
34	Gol kyrkje, 28/10 og 33/1	Tenesteyting (kyrkje)	14	14
35	Håving camping, 41/70	Fritids- og turistformål (camping)	2	2
36	Øygardane barnehage, 47/37 og 47/38	Fritids- og turistformål	7	0
<b>SUM</b>			<b>1184</b>	<b>1014</b>



	<b>Endring frå byggeformål til LNF</b>		
	Smøget	Idrettsanlegg (skyttebane)	187
	Nystølen	LNF spreidd fritidsbusetnad	304
	Skrøyvestølane	Masseuttak	105
	Oset høvfjellshotell	Næring	11
	<b>Total tilbakeføring til LNF</b>		<b>607</b>
	<b>Totalt arealrekneskap med endring frå LNF til byggeformål</b>		<b>1068</b>

### 3. Innspel og merknader til oppstart

Innspelshavar	Kommunen sin kommentar
<p><b>Fylkesmannen i Buskerud (no Statsforvalteren Oslo og Viken), datert 20.12.2018</b></p> <p>1. Innspel som ikkje er i tråd med kommunens arealstrategi, viktige regionale føringar eller nasjonale interesser bør silast ut tidleg i prosessen. Innspel om nye byggeområde over tregrensa bør silast ut saman med viktige naturområde, friluftsområde, INON-område, myr- og våtmarksområde, byggeforbodssoner langs vassdrag m.m. Bra at dyrka og dyrkbar mark ikkje skal byggast på, men ber om at lista blir utvida med fleire konkrete interesseområde som skal ivaretakast. Nye hytter skal leggst til eksisterande område, framfor å opne for nye område. Kommunen bør vurdere om byggeområde som ikkje er tatt i bruk skal takast ut.</p> <p>2. Klimagassutslepp skal reduserast 40 % innan 2030. Transportbehov må difor reduserast og kollektivtransport, bruk av sykkel og gange må betrast. Nye byggeområde må vurderast ut frå dette.</p> <p>3. Det må greiast ut korleis dei miljørettslege prinsippa i offentleg beslutningstaking i §§ 8-12 i naturmangfaldlova er vurdert og følgd opp.</p> <p>4. Friluftsliv i nærmiljø bør prioriterast. Bør vere mindre enn 500 meter til allment tilgjengelege grønt/friluftsområde/stinettverk. Bør vurdere å</p>	<p>1. Innspel i strid med strategi, føringar og nasjonale interesser har vorte silt ut. Hytter skal i utgangspunktet leggst til eksisterande område. Å ta ut byggeområdet er kontroversielt å ta med no, og noko vi varslar at vi vurderer i neste kommuneplanprosess.</p> <p>2. At klimagassutsleppa skal reduserast er med i planprogrammet. For å få ned klimautslepp må fleire busetje seg i sentrum. Dette er også forklart i planprogrammet. Kan vere aktuelt å utvide gang- og sykkelnettet utanfor sentrum (mot Robru og Svenkerud).</p> <p>3. Ok</p> <p>4. Utanfor sentrum er det i stor grad kort veg til naturen. Ikkje alle plassar er like godt lagt til rette for friluftsliv osv. Utviding av omsynssoner</p>

<p>utvide omsynssonene. Det å ta ut ubrukte utbyggingsområde kan argumentere for nye. Bør utarbeide eit arealregnskap for oversikt over eventuelt behov for nye område for bustad/hytter.</p> <p>5. Handtering av overvatn. Kommunen må ha kapasitet til handtering av auka mengd nedbør. Ivaretake naturlege vassvegar og inkludere i grønstruktur. Auka kapasitet på vatn og avløp ved nye utbyggingsområde.</p> <p>6. Tilrettelegging for bustader for alle.</p> <p>7. Bør innarbeidast støyføresegn.</p> <p>8. Kartlegging av barn sine bruk av areal og usikre gangvegar til skula.</p> <p>9. ROS-analyse skal gjennomførast.</p>	<p>vil bli vurdert i planprosessen. Nemnd i planprogrammet at bustadbygging fortrinnsvis skal skje i Gol tettstad, og fokus på fortetting og sentrumsnære bustader. Nye område for bustad tilhøyrrer KPD og ikkje KP. Ein enkel arealrekneskap kan vere ein del av planbeskrivelsen.</p> <p>5. Handtering av overvatn er ein naturleg del av KU. Auka nedbørsmengd størst risiko i KDP. Grønstruktur mest aktuelt i KDP. Auka kapasitet på vatn og avløp ved nye utbyggingsområde naturleg del av KU.</p> <p>6. Mest aktuelt innanfor KDP.</p> <p>7. Krav i veileder T-1442 vil bli ivareteke.</p> <p>8. Kartlegging av barn sine av areal kan vere lurt. Usikre gangvegar mest aktuelt innanfor KDP, då dei fleste som bur utanfor tettstaden har krav til skuleskys.</p> <p>9. Ok.</p>
<p><b>Buskerud Fylkeskommune (no Viken Fylkeskommune), datert 11.12.2018</b></p> <p>1. Nasjonale og regionale føringar må leggest inn i planprogrammet. Det kan og vere hensiktsmessig å skildre i planprogrammet korleis dei ulike føringane kjem til nytte i planarbeidet.</p> <p>2. Vurdere om ein skal ha med eller tilbakeføre urealiserte utbyggingsareal frå gjeldande kommuneplan som ikkje støtter desse strategiane.</p> <p>3. Utarbeide arealrekneskap som viser arealreserver for bustad og næring. Nye utbyggingsområde bør sjåast saman med arealreserven og behova. Bør vurderast om det er behov for andre utgreiingar enn KU. For eksempel behov for ulike næringsareal, lokalisering av dette og korleis det kan bygge oppunder tettstaden Gol. Utgreiing av korleis grep i KP kan legge til rette for reiseliv og destinasjonsutvikling med varme senger.</p>	<p>1. Opprømsa vart lagt inn. Å skildre korleis dei ulike føringane kjem til nytte i planarbeidet er meir naturleg å ta med i planomtalen enn i planprogrammet.</p> <p>2. Ikkje ønskeleg å ta med no. Kommunen ønsker å varsle om at dette kan gjerast i neste kommuneplanprosess.</p> <p>3. Det er utarbeidd arealrekneskap for fritidsbustader.</p> <p>Det er lite bustadreserve utanfor Gol tettstad, då kommunen ønskjer at innbyggjarar skal busetje seg innanfor, og det er lite truleg at det blir lagt til rette for nye bustadområde utanfor sentrum. Det same med næringsareal, det er mest aktuelt for tettstaden. For hytter er det laga eit arealrekneskap for å sjå reserven av tomter. Mtp. tilrettelegging for reiseliv og destinasjonsutvikling er dette tydeleg lagt til rette for på Golsfjellet, og det skal leggest til</p>

<p>4. Tilrår samla vurdering av planforslagets konsekvensar i tillegg til KU av føreslegne tiltak. Bør framkome av planprogram kva tema som inngår i KU. Ønskjer diverse tema i KU.</p> <p>5. Ønskjer å synleggjere forhold mellom overordna planar, som KDP og KP.</p> <p>6. Hensiktsmessig å sjå arealbruksmønster og arealutvikling i samheng med folkehelseutfordringar i samfunnsdel. Dette kan vere med på å legge til rette for god utvikling på folkehelseområdet i kommunen.</p> <p>7. Vurdere tilgang til grøntområde og møteplassar for alle aldrar i grender/nærmiljø og kvar det er behov for tiltak.</p> <p>8. Bør vurdere fleire medverknadstiltak for folk som vanlegvis ikkje møter på folkemøte. Gjestebodsmodellen. Kan gjennomføre brei medverknad i samarbeid med skule. Barnetråkk. Kan tydeleggjere medverknad for barn/unge i framdriftsplan. Tilrår å ta utgp. i RPR og rundskriv når ein ser på korleis kommunen skal vurdere konsekvensar for barn og unge i planprosessen og inkluderer div. moment. Dette kan sjåast saman med innspel frå medverknad med barn og unge.</p> <p>9. Omsyn til mjuke trafikantar, særleg langs skulevegar. Samanhengande sykkel- og gangnett vil gjere de meir attraktivt å gå eller sykle. Maksimumsparkering for bil og minimumsparkering for sykkel.</p>	<p>rette for dette på Skagahøgdi. Fokuset på varme senger er her.</p> <p>4. Det er laga KU. Malen for innspel viser kva tema kommunen ser på som viktigast å belyse, og desse har danna grunnlaget for KU. Dei fleste tema i oppramsinga er delvis vist i mal for innspel.</p> <p>5. Det er greitt skildra i programmet at KDP er mest aktuell for bustader og næringstomter. Det kan kanskje belyst betre i innleiinga eller liknande.</p> <p>6. Det kjem eigen uttale frå folkehelsekoordinator.</p> <p>7. Tilgang til grøntområde i grendene er svært god. Kan vere aktuelt å engasjere grendelag/velforeiningar om kva meir som trengs.</p> <p>8. Kommunen hadde ønske om folkemøter, men dette vart ikkje mogleg grunna corona-situasjonen. Kommunen hadde tidleg i planprosessen eit møte med ungdomsrådet. Fordelen med å møte ungdomsrådet er at ein får samla både ungdomsskula og vidaregåande, og det er lettare å ha dialog i møte med dei enn om ein skal ha møter med heile ungdomsskula eller vidaregåande skule. Det er lettare å formidle korrekt informasjon til ein mindre folkemengde. Om ein kan få ungdomsrådet til å vidareformidle informasjon til og frå klassane sine ville dette vere ein kjempefordel. Konsekvensar for barn og unge er så vidt nemnd i mal for innspel, men kan truleg skildrast betre. Registrering av barnetråkk gjennom dialog med enten ungdomsrådet eller skule er ein god ide.</p> <p>9. Mesteparten av aktuelle skulevegar for gåande og syklende er innanfor Gol tettstad. Godt samanhengande nettverk her. Likevel aktuelt å utvide (mot Svenkerud og Robru?). Bil- og sykkelparkering lite aktuelt utanfor Gol tettstad.</p>
---	---

<p>10. Tilrår at KP tek høgde for at handel er lokalisert i Gol tettstad. Viser til regional areal- og transportplans retningslinjer.</p> <p>11. Bør vurdere behov for ulike typar næringsareal og sjå det saman med ABC-prinsippet. Vurdere arealstrategiar som legg til rette for varme senger rundt utvalde kjerneområde med tilrettelegging av aktivitetar.</p> <p>12. Legge friluftslivskartlegging til grunn i arbeidet og i KU. Forslag til byggeområde lokalisert så omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald blir ivareteke. Bør kome fram korleis friluftsinnteresser vil bli påverka av ulike tiltak. Omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbelte langs vassdrag. Den europeiske landskapskonvensjonen. Landskapsomsyn bør ivaretakast.</p> <p>13. Ber om at kommunen sikrar omsyna i regional plan for vannforvaltning. Påverknad på vassførekomstar bør vurderast.</p> <p>14. Kommunen bør følgje opp retningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing for å redusere klimagassutslepp.</p> <p>15. Tilrår at freda kulturminne og verneverdige kulturminne og kulturmiljø blir avmerkt med omsynssoner. Gjer oppmerksom på forskjellige kulturminne. Ber kommunen vurdere Golreppen som omsynssone.</p> <p>16. Tilrår å utarbeide KDP (temaplan) for kulturminne og kulturmiljø.</p>	<p>10. Lokalisering av handel er som kjent tema i KDP.</p> <p>11. Golsfjellet er eit tydeleg kjerneområde for varme senger. Her finst mange aktivitetar. Alle fungerande overnattingsbedrifter utanfor Gol tettstad ligg på Golsfjellet. Skagahøgdi skal også bli eit kjerneområde for dette. Gol kommune har fram til no tvihaldt på kravet til utleige og næring hjå bedrifter, medan det er frislepp på krav til utleige i hytteområde. Dette blir vidareført.</p> <p>12. Fortetting, balanse mellom utvikling og bevaring tek for så vidt utgangspunkt i omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald. Desse er skildra i malen til innspel.</p> <p>13. Dette er ein viktig del av KU (naturmiljø, landskap/kulturlandskap, friluftsliv).</p> <p>14. Dette er nemnd i planprogrammet og i KU.</p> <p>15. Kulturminne må sjølvstakt vare på, og bør inn i plankartet.</p> <p>16. Kan sikkert vere ein ide. Buskerud fylkeskommune har sagt seg villige til å bidra.</p>
<p><b>Direktoratet for mineralforvaltning</b>, datert 18.12.2018</p> <p>Tilrår at kommunen vurderer behovet for byggeråstoff til kommunens planar og om eksisterande uttak har nok ressursar for desse planane.</p> <p>Bør vurdere å nytte omsynssoner for viktige mineralressursar for mogleg framtidig utviding av eksisterande uttak.</p>	<p>Det er lagt inn utviding av Fjerdingsbekkhaugen.</p> <p>Ingen innspel ligg i tilknytning til eksisterande eller framtidige masseuttak. Difor vurdert som ikkje naudsynt å legge inn omsynssoner.</p>

<p><b>NVE</b>, datert 09.11.2018</p> <p>Sidan planen kjem i kontakt med NVE sine saksområde, skal NVE ha planen tilsendt ved offentlig ettersyn.</p> <p>Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vera vedlagt.</p>	<p>Ny skredkartlegging er lagt inn. Kommunen har nyleg utarbeidd overordna ROS-analyse som dannar grunnlag for ny ROS-analyse i KP.</p>
<p><b>Bane NOR</b>, datert 14.12.2018</p> <p>Jernbanen nesten ikkje omtalt i planprogrammet. Dette bør innarbeidast.</p> <p>Bør leggest vekt på samordna bustad, areal og transportplanlegging.</p>	<p>Jernbanen mest relevant for KDP, då det er der den stoppar. Gang- og sykkelveggar til jernbanestasjonen blir omfatta av KDP. Byggegrense etter jernbanelova er sjølv sagt.</p> <p>Nemnd i planprogrammet at bustader fortrinnsvis skal byggast i tettstaden.</p>
<p><b>Mattilsynet</b>, datert 24.01.2019</p> <p>Bør henvisast til drikkevannsforskriften § 26 om kommunens pliktar. Det bør og vurderast å vise til vannforskriften, då arealbruken i kommunen har betydning for vasskvaliteten i ulike vassførekomstar.</p> <p>Under punkt 6.1 er det særskilt viktig at det blir vist til Nasjonale mål for vann og helse (2014).</p> <p>Under punkt 6.2 manglar henvisning til «Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035».</p> <p>Opplyser om krav til plangodkjenning av vassforsyning ved offentlig ettersyn av reguleringsplanar. Ofte uteblir søknader om plangodkjenning av vassforsyning til tross for at bygningar og annan infrastruktur blir bygd ut, noko som strider mot PBL § 27-1.</p>	<p>Desse skal leggest inn.</p> <p>Lagt inn i føresegnene.</p>

## Private kommentarar og merknader:

<p><b>Atle Magne Strandos på vegne av Frode Bakken, Ingvald Haugen og Mikkel Helweg</b>, gbnr. 20/8, 20/7 og 20/9, datert 28.12.2018</p> <p>Ynskjer følgjande tillegg til pkt. 3.10, 4. avsnitt: [...] Innanfor Markagrensa er det ikkje tillate med ny utbygging utanfor dei områda som allereie er regulert. Denne sona vil vere</p>	<p>Kommunen er ikkje positiv til å fortette meir enn det som allereie er regulert innanfor markagrensa. Innanfor markagrensa skal det takast særleg omsyn til landskap, friluftsliv og bevaring av</p>
--	--

<p>naturleg å vidareføre. <b>TILLEGG: Unntak frå dette kan vere naturleg fortetting i eksisterande hyttefelt.</b> Det same gjeld for [...].</p> <p>Dette er eit framlegg til tilleggstekst, og kommunen kan finne ei utforming som ivaretek intensjonen i tillegget (fortetting).</p>	<p>naturmiljø. Ny utbygging, sjølv om det er fortetting av eksisterande hytteområde, vil vere med og forringe hovudpoenget med markagrensa.</p>
<p><b>Asle Berg Bråtalen på vegne av Gol beitelag SA</b>, datert 08.12.2019</p> <p>Planprogram vanskeleg å forstå med omsyn til kva som er premiss for prosessen og kva som er generell informasjon. Dersom ein plan (f.eks. beitebruksplan) er vedteke av kommunestyret bør den også vere premiss for arbeidet. Kapittel 3, 6 og 7 har ingen innleiing. Blir referert til «premiss» og «forhold til». Må vere klart kva skilnaden er.</p> <p>Silingsprosessen er vanskeleg å forstå mtp. når den skal skje, kven som gjennomfører den og korleis kriteria er.</p> <p>Under punktet 5.3.6 er det lista opp dyrka og dyrkbar mark. Her burde beitemark også nemnast.</p>	<p>Her ventar vi på ein landbruksfagleg vurdering.</p> <p>Kan vere lurt å supplere med kva som er premiss og kva som er rettleiande.</p> <p>Begge silingsprosessane vart gjennomført som ein del av fase 2 – utarbeide planframlegg, etter at fristen for innspel til planen er ute.</p> <p>Beitemark vart lagt til, og Det bør gå tydelegare fram kven som gjennomfører silingsprosessen. Dette er truleg administrasjonen eller konsulent som gjennomfører silingsprosessen. Konsekvensutgreiinga blir utført av konsulent.</p> <p>Viktigheita av beitemark blir supplert under punkt 5.3.6.</p>
<p><b>Forum for natur og friluftsliv Buskerud</b>, datert 26.12.2018</p> <p>Saknar korleis arealdelen skal sikre heilskapleg forvaltning av utmarksområde med omsyn til interesser knytt til naturmangfald, landskap, friluftsliv og landbruk. Ønsker supplering med konkrete omsyn til desse tema.</p> <p>1. Gjennom utarbeiding av KDP (temaplan?) for naturmangfald kan kommunen identifisere og ta omsyn til</p>	<p>1. Kan vurderast.</p>

<p>naturverdiar av både nasjonal, regional og lokal betydning, samstundes som det vil vere eit viktig bidrag til ein grundig interesseavveining for kommunens kommande arealplan.</p> <p>2. Oppfordrar til å utarbeide grønnstrukturplanar som og viser langsiktige utbyggingsgrenser mot markaområda/fjellområda ved bruk av omsynssoner. Ein god start å nytte seg av kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde.</p> <p>3. Planprogrammet opnar for nye utbyggingsområde. <i>Hytteutbygging bør unngås i viktige friluftslivsområder, sårbare landskap og regionalt viktige grøntdrag og i viktige kultur- og naturlandskap.</i></p> <p>4. <i>FNF Buskerud foreslår at kommende arealplan viser kommunens langsiktige og klare grenser mot områdene som ikke skal utbygges. [...] Også nødvendig å se utbyggingen i en større sammenheng, utover kommunegrensene og lage regionale planavklaringer.</i></p> <p>5. Informasjon om nasjonal ramme for vindkraft på land. Vindkraftutbygging på Gol vil føre til permanente og dramatiske inngrep. INON-område i Gol vil bli påverka av dette. Vindkraft kan potensielt utelukke primærnæringar og andre utmarksbaserte næringar. Mtp. Gol sin visjon om å vere ein av dei største turistdestinasjonane i landet er det viktig med større inngrepsfrie naturområde.</p>	<p>2. Det er gjort kartlegging av friluftsliv i 2016. Det er ein viss korrelasjon mellom verdien på friluftsområda og omsynssoner for omsyn friluftsliv/bevaring av naturmiljø. Det kan vere aktuelt å utvide/opprette nye omsynssoner. Dei svært viktige friluftsområda ligg for det meste innanfor omsynssoner (med unntak av enkelte område på Golsfjellet, Åsgardane, Tuppeskogen og Søråsen.</p> <p>3. Som nemnd i planprogrammet ønskjer kommunen å satse på fortetting og utviding av eksisterande hytteområde. Det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde.</p> <p>4. Omsynssonene friluftsliv og markagrense dannar grenser for utbygging. Innanfor desse omsynssonene er berre utbygging av allereie godkjente reguleringsplanar tillate.</p> <p>5. Gol kommune har gjeve innspel til forslag til nasjonal ramme for vindkraft. Her er det nemnd at det aktuelle området i Gol er eit INON-område. I innspelet er og nemnd dyreliv, friluftsliv.</p> <p>INON-område ikkje skal bli påverka.</p>
--	--

<p><b>Fortidsminneforeningen Buskerud avd. Hallingdal</b>, datert 07.91.2019</p> <p>Fortidsminne og kulturminnevern er ikkje nemnd i planprogrammet.</p>	<p>Planprogrammet listar opp hovudtema- og utfordringar. Kulturminnevern skal sjølvsagt takast omsyn til.</p>
--	---